

Jon Opheim  
Gnr 60 – bnr 2 ( Gnr 60 -bnr 170 )  
Bekkjadalen 4A  
5750 Odda  
Tlf 95 17 14 10

15.02-2018

NVE  
Ved/ Laila Høivik

## Uttale i samband med konsesjonssøknad Opo flaumkraftverk

Som eigar av Gnr 60 – bnr 2 ( i Bygda ) er eg ein av dei som vert ein heil del råka av kraftverkplanane med dagens forslag til løysing, både i samband med anleggsperioden og permanent. Det står i konsesjonssøknad og konsekventutgreiinga at grunneigarar som vert råka har fått tilsendt informasjon, men noko meir enn det som kjem fram i vedlegg F og G, har ikkje eg motteke så langt.

Eg ynskjer difor å kome med merknader på fylgjande;

- I søknad vert det vist til eit arealbehov på 1 da i anleggsfasen og 0,6 da permanent i samband med påhogg Bygda. Påhogget ligg på min eigedom og det er viktig for meg å vite korleis dette arealbehovet er i utstrekning og korleis det vil påverke meg både i anleggsperiode og seinare. Arealet vert i dag nytta som tilkomst til min bustad og to andre hus, garasje og skogsområde. Korleis ser ein for seg å kunne løyse dagleg tilkomst i anleggsperioden? Det er lite parkering i området, deler av fotballbanen vert allereie i dag nytta som parkering pga mangel på andre oppmerka parkeringar, og med stor anleggstrafikk og anna tilhøyrande tilrigging vil det truleg ikkje vera mogleg å parkere slik mange gjer i dag langs vegen. Eg lurar også på om det vil være begrensingar på tilkomst til garasjane i området under anleggarbeidene? Eg finner heller ingen informasjon om korleis tilkomst til berørte hus vil bli?
- Det er kort avstand frå påhugg til hus og lurar i den forbindelse på korleis ein ser for seg støy, støv og andre utslepp som fylgje av anleggstrafikk, sprenging, mm. på min grunn? Er det utført støyanalyser/støysonekart for de arbeidene som skal utførast? Og har ein gjort analyser av korleis anleggsarbeidet vil påverke livskvaliteten i området i den tida prosjektet går over? Kva tiltak er planlagt i anleggsfasen for å kontrollere at entreprenør holder seg innenfor oppgitte grenseverdier? For meg er det viktig at SKL allereie no har ein plan for korleis har ein tenkt å forebyggje/skjerme for slikt? Finst det oversikt over moglege farer for skader under sprengning både på hus, bygningar, mm kva plan er det for å kartleggja dette?
- Det står at ein har vurdert påhogg i Bygda som betre alternativ enn alternativ i Opheimsgt., men det finns også eit alternativt innslag ca.60m lenger sør enn dagens forslag i Bygda, sjå vedlegg. Dette vil truleg gjere anleggsområde meir skjerma, og truleg redusere negativ påverknad på bebuarar i området, det vil truleg også gi en betre trafikkavvikling for anleggstrafikken og på den måten gje en tryggare kvardag for barn og unge i området. Som grunneigar lurar eg på om dette er noko som NVE kan sette som krav at SKL å utgreie nærare. SKL bør også vurdere om flytting til alternativt påhugg vil gje mindre risiko for utilsikta skade på bygningar. Det bør også utgreiast om ein i denne samanheng kan nytte eksisterande fotballbane/leikeplass som alternativt lagringsplass for maskiner og utstyr meir optimalt i anleggsfasen. Då kunne det for eksempel være ein kompensasjon at denne blei oppgradert til

ein moderne leike og idrettsplass når anleggstida er over, er dette eventuelt noko ein kan pålegge SKL å kome med innspel på?. I vedlegg er dagens forslag markert med 1, alternativt forslag markert med 2 i vedlegg.

På meir permanent basis er eg også interessert i å få klarheit i følgjande;

- I dag leiger Odda Kommune det aktuelle område, med formål tilfluktsrom, som i dag ikkje er i drift. Det vert i dag nytta som lager for sand til vinterstrøing. Det er fint med svar på korleis dette vil håndterast.
- Korleis vil inngrep på eigedom påverke framtidig bruk av tomteområde i landskapet rundt påhugg? Det er som nemnd tilkomst til skogsområde, som ein nyttar til ulike formål. De ter viktig for meg å få dokumentert konsekvensar for framtidig bruk av området som td. skogsveg, infrastruktur til bustader mm.

Vedlegg områdebilete.

Eg ser fram til informasjon og dialog om dei tema som er teke opp,

Med Helsing

Jon Opheim

Tlf 95171410

Kopi: SKL v/Magne Andresen